



Institutt for biovitenskap

Referanse

2019/8064-STB

Dato

03.02.2020

Små studieplanendringer for haustsemesteret 2020

Fristen for å melde inn små endringer i studieplan som gjeld emne som skal undervisast neste semester er 1. mars. I år er denne fristen på ein sundag, og fristen vert forskyve til måndag 2. mars. Dette er også fristen for å orientere om instituttet sine langsiktige planar innanfor studieprogram/emne og endringar i undervisningstilbodet 2020.

Studieplanendringer - kva skal meldast inn

A) Prosjektet generiske ferdigheiter- studieprogramkartlegging

Vi syner til tidlegare utsendt informasjon om studieprogramkartlegging og nettstad for prosjektet: <https://www.uib.no/matnat/128145/prosjekt-generiske-ferdigheiter-ved-det-matematisk-naturvitenskapelige-fakultet>

Programstyra for alle bachelorprogram og 5-årige program skal ha gjort ei vurdering av studieprogramkartet og dei generelle kompetansar og ferdigheiter som er inkludert i studieprogrammet i dag. Fakultetet ber ikkje om ei utfylt matrise innan 1. mars fristen, men ynskjer at programstyret kort seier noko om kva planar dei har for studieprogrammet på bakgrunn av denne vurderinga. Konkret:

- Programstyrets planar for kva slags generelle kompetansar og ferdigheiter som bør inngå i studieprogrammet. I dei tilfella programmet meiner dei rosa punkta **ikkje** (sjå under) er føremålstenleg for programmet; ei kort grunngjeving om kvifor, og kva som erstattar dette. Kva er viktig at ein ferdig utdanna kandidat har lært når dei har fullført programmet?
- Ein plan for framtidig utvikling av programmet, dette kan til dømes være kva programstyret meiner manglar av generell kompetanse og ferdigheiter i programmet, eller om det er tilstrekkeleg progresjon (I,F,M)
- Studieprogram som ikkje har INF100 i studieplanen (til dømes fiskehelse) må svare på korleis dei har eller skal integrere programmering i studieprogrammet utan INF100
- Førebels planar for endringar, til dømes endring av undervisnings- og vurderingsformer på emne som inngår i programmet
- Eventuelle opplæringstilbod desse endringane inneber for emneansvarleg

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det matematisk-naturvitenskapelige
fakultet
Telefon 55582062
post@mnfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7803
5020 Bergen

Besøksadresse
Realfagbygget, Allégt. 41
Bergen

Sakshandsamar
Stine Beate Balevik
55582067

- Institutta *kan* melde inn endringar i eksisterande emne til 1. mars fristen dersom dette er klart, men i henhold til planen, må ikkje studieplanendringane leverast før 1. oktober 2020.

Informasjonskompetanse og etikk
Kildekritikk, kildeforståelse, plagiat
Litteratursøk
Referansehandtering
Vitenskapelige tekster
Muntlig og skriftlig kommunikasjon
Anvende et presist naturfaglig språk med klar begrepsbruk og tydelig argumentasjon
Sjangerkrav og IMRaD-formatet som basis for vitenskapelig kommunikasjon
Muntlig kommunikasjon
Samarbeid
Samhandling, ansvar og rettigheter i gruppe
Problemløsningsoppgaver og mindre prosjekter i grupper
Prosjektarbeid i grupper

B) Små endringar i emne som ikkje vil ha innverknad på emnet eller studieprogrammet sitt læringsutbytte. Dette kan være av meir redaksjonell art i for eksempel mål og innhald eller obligatoriske arbeidskrav/ vurderingsform osv.

C) Endringar i undervisningstilbodet haustsemesteret 2020

Dette gjeld endringar som avviker frå den opphavlege planen. Dette kan være emne som ikkje har regelmessig undervisning og ynskjer å endre syklus (gå frå oddetal til partal) eller emne som må avlysast grunnande manglande lærekrefter. Dette vil være viktige endringar ved planlegging av time- og eksamensplan får hausten 2020. Ver derimot merksam på at institutta er forplikta til å tilby studentane undervisning og eksamen i emne som studentane har i utdanningsplanen sin. Det er difor ikkje alle endringar som kan godkjennast.

D) EVU-emne

Dersom instituttet planlegg å legge ned eksisterande EVU-emne eller å opprette EVU emne må dette meldast inn som studieplanendring 1. mars. Oversikt over EVU-emne som skal gå haust 20 og vår 21 skal meldast inn til eiga sak 2016/8894 til fakultetet innan 05. mars.

E) Langsiktige planar

Studiestyret ber om at instituttet/programstyra gir ei kortfatta orientering om planar for endringar i studieprogramma. Dette er eit tiltak for å sikre informasjonsflyt mellom institutta og til medlemmar av Studiestyret, ettersom endringar i emneporteføljen/studieprogram ofte har ringverknad for studieprogram ved andre institutt.

F) Bruk av grunnemne i matematikk

Dersom instituttet ynskjer å gjere endringar i val av matematikkemne i første semester (MAT101/111 eller MAT105), kan dette meldast inn til 1. mars fristen. Onsdag 5. februar hadde fakultetet eit informasjonsmøte om matematikkemne i frøstesemester. Presentasjonar frå dette møtet ligg på følgjande nettstad:

https://wiki.uib.no/matnat/index.php/Undervisning_og_studieplaner

G) Vitnemålstekstar

Vi minner om at institutt som gjorde endringar i læringsutbyttet for programmet til 1. oktober fristen 2019, kan ettersende dette til 2. mars

Framtidige endringar i studieplanendringsprosessen

Fakultetet er i ein prosess der vi ser på forenkling av studieplanendringsprosessen. Eit viktig verktøy for denne forenklinga er innføring av digitale emnemalar og EpN Emneplanlegging på nett. Fakultetet deltek i ei tverrfakultær arbeidsgruppe der ein ser på korleis dette best mogleg kan tilpassast eksisterande prosessar og fristar for studieplanendringar. Meir informasjon om dette vil kome i eige brev. Ambisjonen er å få tatt dette i bruk ved studieplanendringsfristen 1. oktober 2020.

Venleg helsing

Ingrid Christensen
studiesjef

Stine Beate Balevik
seniorkonsulent

Kopi
Ingrid W. Solhøy
Birthe Gjerdevik